

Lindås kommune  
v/Benjamin Hicks

kopi: Fylkesmannen i Hordaland v/Arve Meidell, seksjonsleiar

## **SAK 16/1342**

### **KLAGE - LINDÅS KOMMUNE SITT RAMMELØYVE AV 23.11.16, GNR 99/4, VÅGE**

Først: Kan berre beklage at eg først no uttalar meg, og må påberope meg «force majeure» for å uttale meg i denne viktige saka. Eg har vore totalt ukjent med saka like til 20.12. avdi eg sterkt, sterkt beklageleg har vore utan nettilgang frå Telenor, som har trøbla med linja mi i over ein månad utan å klare å ordne den (kan stadfestast av Telenor). Har difor **aldri** mottatt noko brev med kopi av kommunen sitt vedtak av 23.11.,slik eg skulle, berre tilfeldig at eg i det heile oppdaga vedtaket på kommunen si post-side etter at Telenor gjenoppretta linja 20.12. Eg ber difor om å få påberope meg klagefrist 3 veker fram, rekna frå 20.12.16.

### **Misleghald av konsesjon må ha konsekvens**

Kommunen har frå dag ein langt på veg konkludert med at Eikevik ikkje er skikka for oppgåva, likevel gitt han konsesjon under tvil.

Kommunen har konstatert at kjøpesummen Eikevik betalte for småbruket for vel tre år sidan var så høg at den vanskeleg kunne forsvarast ut frå konsesjonskrava (forholdet til stadbunden næring).

Kommunen har i konsesjonen «kjøpt» eit aldeles utopisk reknestykke over Eikevik si mulege næringsinntekt frå skogen.

Eikevik har etter overtakinga for vel 3 år sidan vist ingen interesse og/eller forstand m.o.t. gardsdrift/skogsdrift. Det har vist seg i alle delar, også i hans brevveksling med kommunen. Eikevik har gjennom aktivitet og planar vist at han er totalt utan respekt for eksisterande kulturlandskap, for matjord eller konsesjonskrav, han har i praksis bevist seg ueigna, ikkje berre på *eitt*, men på samtlege punkt opp mot konsesjonen.

Straks etter overtakinga starta Eikevik opp eit ulovleg anleggsområde over fleire mål: gedigne masseforflytningar av matjord, totalrasering av kulturlandskap, utsprenging av eit krater på fleire mål, sjå flyfoto vedlagt. Vart stoppa av kommunen.

I ettertid har Eikevik lagt for dagen kostbare investeringar i advokat-, arkitekt- og konsulenttenester og øvd massivt press opp mot kommunen.

Resultat: Eikevik leverer inn rammesøknad (som viser, sjå flyfoto, at med denne planen vil minst 6 mål av det mest særeigne kulturlandskapet i tunet/garden no ugjenkalleleg verta radert ut og totalrasert). Vidare viser planen at det einaste store og samanhengande området med djup matjord på Våge-garden no vert oppsplitta og delt i to av eit skråttgåande, massivt veganlegg. Irreversibelt og maksimalt øydeleggjande i høve matjord.

Alt dette står i grotesk kontrast til konsesjonen sine krav, ein viser også til at fylket endog har anmoda om at dei nokre kvadratmeter med kulturlandskap i gamletunet må tilbakeførast ved riving av husa.

Vi har vorte fortalt gjennom arkitekten at Eikevik har ein «bemidlet familie». Er det slik at ein ved hjelp av «bemidlet familie» som evner å kjøpe dyre tenester, og derigjennom øver press/ «skremmer» kommunen, kan lukkast å leggje ein konsesjon «død», og til slutt få igjennom akkurat det ein måtte ønskje? Det vil stille integriteten til både sakshandsamarar og kommune i eit noko spesielt lys, og det er ei problemstilling som i så fall må løftast fram i offentlegheita. Kommunen si sakshandsaming står i dette tilfellet i ein total kontrast til andre og tilsvarande saker ein er kjent med i Lindås kommune.

Det er dessutan, i lys av konsesjonskrava, eit påkravd spørsmål korvidt det er Eikevik og hans inntekter åleine som har kunna generere dei formidable investeringane på dette småbruket? Dersom ikkje, kvar kjem midlane frå, kven ventar i så fall noko i retur?

### **Rammeløyve av 23.11. uforenleg med konsesjonskrava**

Ein ber om at rammeløyvet vert vurdert pånytt opp imot innhaldet i konsesjonen, spesielt punkta om ivaretaking av kulturlandskap og matjord. Eikevik har alt sett over styr fleire mål med kulturlandskap. Det kan ein ikkje sjå forbi. Det må gå an, dersom det skal vere den minste meining og logikk i konsesjonsvilkåra, at dei som har pålagt Eikevik konsesjonskrav naturleg også anviser han til å leggje hovudtyngda av sine anleggs- og utbyggingsprosjekt, inkludert parkeringsplassar, til området han alt (ulovleg)har omgjort til utbyggingsområde. Det er naturleg at også veg til foringshus for sau tar utgangspunkt i dette området. Området er rikeleg stort, som flyfoto viser. Dermed vil kommunen kunne begrense hans anleggsområde til det halve, også den enorme mengda av planlagde skjeringar. Kommunen vil på den måten hjelpe Eikevik med å ta vare på både kulturlandskap og matjord.

Det er totalt unødvendig og uakseptabelt å anlegge ein massiv omveg gjennom gamletunet for å transportere gras(!), først **frå** det grasproduserande området, så opp ein lang bakke gjennom tunet (som jo er ein omveg) og tilbake frå toppen og heilt ned att. Å leggje ein veg gjennom det gamle tunet på denne måten er **heilt uakseptabelt** både ut frå omsynet til ivaretaking av kulturlandskap og matjord.

Ny gardsveg-trase til det nye tunet på 99/4 **vil** bli lagt lenger sør, jfr. tidlegare brev av 21.12.16, og i tråd med semja på synfaring mellom Link Arkitektur, Fana Agro, Lindås kommune og Henry Fanebust, 99/1.

### **Uforenleg med nabohensyn**

Frå å vere eit heilskapleg tun, der dei to tuna på 99/1 og 99/4 saman danna ein særprega, idyllisk og kulturhistorisk heilskap (berre 10 m mellom husa og to tun som danna ein enhet, frå gammalt seiest det at dei to husa låg så nær at du kunne stige tørrskodd mellom dei), vert no den eine halvdelen av tunet «Våge» radert ut og omdanna til ein bakgård/kjempe-parkingsplass/veganlegg. **Dette framstår totalt uakseptabelt i lys av konsesjonsvilkåra, som krev ivaretaking av kulturlandskap, matjord og tun.** Det Eikevik gjer her er pånytt eit grovt misleghald av konsesjonskrav.

Som nabo og eigar av 99/1 er det fullstendig uakseptabelt å godta den kraftige forringinga av tunet til 99/1 som eit slikt inngrep på alle måtar vil medføre. Eit inngrep som er **heilt unødvendig**. Her øydelegg Eikevik ikkje berre 99/4 sitt gamle tun, men også 99/1 sitt, sidan dei er så tett naturmessig og kulturhistorisk knytt i hop. For å kunne stette krava i konsesjonen Eikevik har fått best mogeleg, og spare landskap og matjord, tilseier det at gardsveg og parkeringsplassar må leggjast i tilknytning til det nye tunet lenger sør, og i samband med hans frå før fleire mål ulovlege anleggsområde.

Når det gjeld veg gjennom tunet til 99/1 har undertekna i brev til kommunen av 21.12.16 protestert på 99/4 sin framtidige bruk av denne, har og grunngeve dette nøye. Vidare gjort greie for korleis ny trase er tenkt løyst, i samsvar med synfaring mellom alle berørte partar.

## **KONKLUSJON**

### **KRAV TIL ENDRING I RAMMEPLAN-LØYVE AV 23.11.2016, gnr 99/4:**

Dersom dette rammeløyvet vert ståande utsletter Alf Eikevik eitkvart spor etter menneskeleg aktivitet på 99/4 Våge, samstundes som 99/4 sitt karakteristiske kulturlandskap vert skipla til det ugjenkjennelege.

Rammeløyvet må vurderast pånytt opp mot krava i konsesjonen, spesielt punkta om ivaretaking av kulturlandskap og matjord.

### **Bevaring av matjord og kulturlandskap**

Heile det planlagde inngrepet i gamletunet på 99/4 (det skraverte grå feltet i søknad om rammeløyve) er unødvendig, parkeringsplass og store inngrep må anvisast til det området Eikevik alt ulovleg har bygd ut. Det er kun ei slik løysing som pr i dag er forenleg med konsesjonskrava, og som i ettertid av Eikevik sitt ulovlege inngrep kan ivareta rest-kulturlandskap og rest-matjorda i størst muleg grad.

Det same gjeld planlagt veg gjennom gamletunet med skjæringar nedatt til foringshus: Unødvendig utradering av rest-kulturlandskapet i tunet, og øyding av matjord. Vegen må flyttast til ein stad han gjer mindre skade, fortrinnsvis der han frå gamalt gjekk (sør for gamle-løa på 99/4).

Kulturlandskapet i gamletunet må tilbakeførast etter riving for å ivareta matjorda, også i kraft av eigenverdi som rest av opprinneleg kulturlandskap i tunet på 99/4, og som karakteristisk Våge-landskap. Dersom ikkje, forsvinn **eit kvart** spor etter kulturlandskapet i det gamle tunet, historisk heilt uakseptabelt.

### **Mangelfullt vurderingsgrunnlag**

Søknaden er misvisande m.o.t. biletaterialet som ligg ved søknaden. Biletaterialet dekker kun halve området som er søkt regulert, og bileta er i tillegg totalt misvisande når det gjeld reellt resultat av det omfattande inngrepet. Taktisk?

Korleis skal kommunen kunne vurdere denne søknaden når så grunnleggjande ting manglar?

Med så mangelfull søknad gir i røynda Lindås kommune Alf Eikevik blankofullmakt til å regulere 6 mål, det er uholdbart.

### **Korrigering av innhald i rammeløyve-tekst**

A.E. v/ansvarleg søkjar opplyser at gardsveg fram til 99/4 er 4 meter. **Det er feil.** Del-traseen gjennom hagen på nabetun 99/1 er **2 meter brei**, som samsvarer med tinglyst vegrett. Vegen er ueigna, også idet den dannar ein vinkel på 90 grader ved avkjøring frå hovudtrase. 99/4 har ein tinglyst vegrett begrensa til 2 m for heile traseen frå hovudveg fram til tunet. (Den 4 m breie vegen som 99/1 åleine har kosta må Eikevik sjølv sagt forvente å betale seg inn i).

### **Protest på vegrett til 2 bu-einingar**

99/4 har kun tinglyst vegrett til ei bu-eining.

Lindås kommune kan ikkje automatisk gje 99/4 vegrett til 2 bu-einingar, då dette er eit privatrettsleg spørsmål mellom 99/1 og 99/4. I tillegg fortrenger det mulege framtidige avkøyrsløype for 99/1, jfr. uttale frå Statens Vegvesen.

### **Del-trase gjennom 99/1 sitt tun må leggjast om**

Eg krev at del-trase gjennom tunet til 99/1 må takast ut av ramme-planen og erstattast av trase som kjem inn sørfrå til 99/4. Sjå eige brev om dette av 21.12.16

### **Skjeringar i grenselinja mellom 99/4 og 99/1**

Når det gjeld dei planlagde massive skjeringane i grenselinja mellom 99/1 og 99/4 vil det vera heilt naudsynt å få forelagt profilskisser for å kunne gje naudsynt vurdering av konsekvensane, som ein ser vert store. I og med at eg ikkje har mottatt rammeløyve-søknad, har eg heller ikkje mottatt profilskisser. Eg krev difor å få forelagt desse for å kunne vurdere konsekvensane.

### **Protest på ikkje mottatt relevant nabovarsel/søknad om rammeløyve**

Eg må tilslutt få klage på manglande mottatt nabovarsel eller søknad om rammeløyve. Eg vil sterkt bestride punktet om at «99/1 sine interesser ikkje vert råka», og at eg difor ikkje treng informasjon.

99/1 sine interesser vert i høgste grad råka,

- ved at 99/4 bak min rygg framleis prosjekterer med ein vegtrase over 99/1 som vi er samde om skal utfasast,

- ved at to bueiningar klart vil medføre kraftig meirbelastning på gardsvegen til 99/1 (det store antal bil-parkeringsplassar som er prosjektert i rammeplanen, 4 ved bustad + formidabelt parkeringsanlegg) seier noko om planlagt trafikk, og ikkje minst
- at 2 bueiningar vil kunne fortrenge framtidige muligheiter for 99/1 til fleire avkøyrsløype frå hovudbruket til hovudveg (jfr. Statens Vegvesen sin uttale).
- 99/1 sine interesser vert også i høgste grad råka ved dei dramatiske, planlagde inngrepa i gamletunet 10 meter frå huset mitt,
- også ved dei planlagde massive skjeringane i grenselinja mellom 99/1 og 99/4 på høgaste nivået i garden/tunet.

Våge, 30.12.16

Med helsing

Elin H. Fanebust